

Hordaland fylkeskommune  
v/ fylkesrådmann Rune Haugsdal

18.2.2015

## **FORVALTNINGSREVISJON – Drift og vedlikehold av fylkesvegar**

Deloitte har i samsvar med utarbeidd prosjektplan og bestilling frå kontrollutvalet 19.1.2015 starta opp forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehold av fylkesvegar.

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke i kva grad Hordaland fylkeskommune har følgd opp drifts- og vedlikehaldsstrategien for fylkesvegnettet som vart vedteken i 2011.

Revisjonen vil nytte dokumentanalyse og intervju i samband med forvaltningsrevisjonen.

Vi ber om å få tilsendt følgjande dokument i samband med forvaltningsrevisjonen:

- Oversyn over korleis arbeidet med vedlikehaldsstrategien er organisert
- Ansvars- og oppgåvefordeling i arbeidet med gjennomføring av vedlikehaldsstrategien
- Eventuelle tiltaks-/handlingsplanar
- Aktuelle kontraktar/avtalar knytt til drift og vedlikehold av fylkesvegar
- Eventuelle interne og eksterne rapportar og/eller evalueringar av arbeidet med vedlikehaldsstrategien
- Budsjett og rekneskapspostar for drift og vedlikehold av fylkesvegar for åra 2012-2014
- Anna dokumentasjon som fylkeskommunen vurderer som relevant

Vi ber om å få tilsendt dokumentasjonen innan 6.3.2015.

Vi ber også om at det blir peika ut en kontaktperson for forvaltningsrevisjonsprosjektet som Deloitte kan samarbeide med ved gjennomføring av prosjektet, mellom anna ved behov for å gjera praktiske avklaringar, få tilgang til ytterligare dokumentasjon og ved organisering av intervju.

Eventuelle spørsmål om forvaltningsrevisjonsprosjektet kan rettast til prosjektleiar Gunnar Hoff på tlf. 918 48 436, eller per e-post til [ghoff@deloitte.no](mailto:ghoff@deloitte.no)

Med vennleg helsing

Deloitte AS



Prosjektleder  
Gunnar Hoff